

**981524004**

**FRANK STIAN STEINSLAND**

**Mobilnummer**  
993 90 330

**E-postadresse**  
stian.steinsland@hotmail.no

**Kontonummer** \*\*\*\* \* 16719

**Vedtaksdato**  
18.08.2023

**Vedtaket er gjort av**  
Modalen kommune

**Søknadsdato**  
01.03.2023

**Vår referanse**  
2023/180, Agros 225567

## **Vedtak om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket – Rydding og gjerding til beitemark**

**Samandrag:** Modalen kommune har vedtatt å innvilge opptil 30 000 kroner i tilskot til FRANK STIAN STEINSLAND til Rydding og gjerding til beitemark. Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 18.08.2026.

Modalen kommune viser til søknad av 01.03.2023.

### **Bakgrunn i saka**

FRANK STIAN STEINSLAND søkte om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 01.03.2023. Du søker om totalt 35 110 kroner i tilskot for tiltak perioden 10.04.2023-10.04.2026. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 70 220 kroner.

Søkjar driv mjølkeproduksjon og treng meir beite for å auka produksjonen. Han søker om å rydda og gjerda inn areal på ca. 15,2 daa. Det blir søkt om tilskot til rydding (15,2 daa), gjerding (289 m), og to enkle køyregrinder. Det blir påpeika at den gamle Ferdavegen går gjennom arealet. Ferdavegen er eit viktig kulturminne som er verd å ta vare på. Det blir også påpeika at arealet inneheld eikeskog, at det grenser ned mot areal (Eikhaugane) med raudlista artar (blant anna fleire lavartar, alm, og eikedynekjuke), og at det grensar ned mot Modalselva.

### **Grunngjeving for vedtaket**

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i jordbruket og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift, jf. [forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket](#) (SMIL-forskriften) § 1.

Ein kan innvilge tilskot til føretak som oppfyller vilkåra i forskrift av 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket § 2 og § 3 eller § 4.

Tilskot kan også gis til eigar av landbrukseigedom dersom det går føre seg ein produksjon på landbrukseigedomen som oppfyller vilkåra for tilskot etter forskrifta som nemnt over. Om du sjølv ikkje eig landbrukseigedomen tiltaket skal gjennomførast på, må det ligge føre løyve frå eigar til gjennomføring av prosjekt eller tiltak som nemnt i SMIL-forskrifta § 4 og § 5.

Søkaren må også oppfylle vilkår i forskrift av 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal

også først journal over korleis plantevernmiddel som blir brukte, med opplysningar som nemnt i SMIL-forskrifta § 3 tredje ledd.

Søknaden er vurdert etter prinsippa i naturmangfaldlova §§8-12, jf. §7. Landbrukskontoret har gjennomgått artskart og naturbase, og etter ei samla vurdering komme fram til at det omsøkte tiltaket ikkje er i strid med prinsippa i §§8-12 i naturmangfaldlova **viss følgjande vilkår blir overhaldne av tiltaksutøvar: 1) kantsone på 15 m må takast vare på slik at avrenning til vassdraget ikkje aukar; 2) eiketre skal bevarast og beitetrykk må ikkje vera for høgt for å ta vare på artsmangfald knytt til eik.** Ver vennleg og les meir om vilkår lengre nede.

Landbrukskontoret meiner at tiltaket er i tråd med SMIL-ordninga sitt formål jf. Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket §1. Inngjerding av innmarksbeite, vern av naturmangfald, og vern av kulturminne er høgt prioritert etter gjeldande SMIL-strategi for Modalen kommune. Gjerding og bruk som beite vil hindra attgroing og bidra til å halde kulturlandskapet i hevd. Det er positivt at tiltaket bidreg til at Ferdavegen blir teken vare på ved at han blir rydda.

**Modalen kommune har vedtatt å løyve 30000 kr i tilskot til rydding av beiteareal og oppsetting av 289 meter gjerde med grinder på GBNR 78/2/o som vist i kart som ligg ved søknaden. Grunna avgrensa midlar kan me gi tilskot til rydding av inntil 10,0 daa.**

Arealet som skal ryddast har vore revurdert frå dei oppteikne 15,2 daa til eit redusert areal på 11,0 daa grunna:

- 1) behov for kantsone på 15 m langs vassdrag;
- 2) redusert rydding i delareal der det veks eik; og
- 3) delareal som allereie er ope frå før;

Kommunen nyttar standard sats for kostnad til gjerding på kr 80 per løpemeter. Standard sats for kostnad til grind er kr 700 for ganggrind, 1500 for enkel køyregrind og kr 2000 for kombigrind og 3000 kr per dekar rydding av beite.

#### Godkjent kostnadsoverslag:

Type kostnad (aktivitet)	Beløp (kroner)
gjerding 289 meter	24000
rydding 11,0 dekar	33000
2 x enkel køyregrind	3000

Modalen kommune har vedtatt å innvilge opptil 30 000 kroner i tilskot.

#### **Vilkår for tilskotet**

Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 18.08.2026. Dersom du ikkje overheld fristen, fell tilskotet vekk.

Innvilging av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjent etter anna regelverk, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova, naturmangfaldlova, vassressurslova eller forureiningsforskrifta. Du må sjølv skaffe deg slikt løyve dersom det trengs, og dette må du gjere før du går i gang med tiltaket du no har fått tilskot til.

#### Særskilde vilkår:

1. Kantsona til Modalselven må takast vare på. Kantsone bør bestå av både buskvekstar og tre og skal sikra at avrenning til vassdraget ikkje aukar. Vegetasjonen i kantsonen bør helst vera

variert med innhold av urter, gras, små og store buskar og tre i fleire ulike høgdelag. Kantsona må òg vera stabil slik at ho vil bli ståande over lang tid. Det er likevel lov å rydda litt buskas og trear i kantsona.

2. Eiketre skal bevarast i tiltaksområdet med unntak der eik må fellast for å byggja gjerde. At beitetrykket ikkje er for høgt vil vera avgjerande for overleving av unge eiketre og artsmangfald forbunde med eik. Det bør kontrollerast om nokre år. Det er likevel lov å tynna litt ut i eikebestanden.
3. For at ferdsel langs Ferdavegen ikkje blir hindra, må all felt tre og buskas ryddast vekk undervegs så fort som mogleg.
4. Gjerde skal vera permanent med gjerdenot, toppstreng og bendsletråd.
5. Området skal nyttast til beite i minimum 10 år frå løyving.

### Rapportering og utbetaling

Når tiltaket er gjennomført, må du sende inn dokumentasjon på at tiltaket er gjennomført etter dei vilkåra som er sett i dette brevet. Du skal rapportere om måloppnåing og bruken av tilskottet slik rapporteringsskjemaet angir.

#### Sluttrapport skal innehalda:

- Utfylt rapporteringsskjema for eingongstiltak/investeringsstiltak, inkludert rekneskap. Rekneskapet bør settast opp slik at det kan samanliknast med kostnadsoverslaget i søknaden.
- Timeliste som dokumenterer eige arbeid.
- Bilag på innkjøpt materiell.
- Foto av utført tiltak.

Modalen kommune betaler ut det innvilga tilskotet etter at du skriftleg har bede om det, og når vi har godkjent rapport og sluttrekneskapen for prosjektet eller tiltaket. Du kan be om utbetaling digitalt via Altinn.

For eitt-årige eller mindre prosjekt skal utbetalinga som hovudregel skje etter at prosjektet er avslutta. For fleirårige tilskot kan det vere aktuelt å betale ut delar undervegs i prosjektperioden. Delar av tilskotet kan utbetalast etter kvart som du godtjør framdrift i gjennomføring av tiltaket og vi har godkjend rapporteringa. Minst 25 prosent av tilskotet blir halde attende til tiltaket er fullført og sluttrapporteringa er godkjend.

Landbruksdirektoratet sitt rapporteringsskjema for eingongstiltak/investeringsstiltak skal fyllast ut og leggast ved når du ber om del- og sluttutbetaling. [Bruk denne malen](#)

Godkjent kostnadsoverslag for tiltaket er 60 000 kroner. Utbetalalt tilskot kan ikkje overstige 50 % av godkjende kostnader for å utføre tiltaket. Dersom kostnaden for å utføre tiltaket er lågare enn godkjent kostnadsoverslag kan tilskotsbeløpet bli justert ned.

### Kontroll

Kommunen, statsforvaltaren og Landbruksdirektoratet kan gjere kontroll etter SMIL-forskrifta § 9.

### Omgjering, tilbakebetaling og motrekning

Vedtak om innvilga tilskot kan bli gjort om og utbetalalt tilskot kan bli kravd betalt tilbake etter SMIL-forskrifta § 10 dersom det blir avdekka tilhøve som er i strid med det som er føresett ved innvilging av tilskotet.

### Klagerett

Du kan klage på dette vedtaket til Statsforvalteren i Vestland. Send klag til Modalen kommune. Vi vil sende saka vidare til Statsforvalteren i Vestland dersom vi ikkje gjer om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at du har motteke dette brevet, jf. forvaltingslova § 29. Du kan òg be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova § 18 og § 19.

### Meir informasjon

På [nettsidene til Landbruksdirektoratet](#) kan du finne meir informasjon om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Med helsing  
Modalen kommune

Saksbehandla av: Victoria Grape

Godkjend av: Laila Bjørge